



Statens vegvesen

NVE Konesjonsavdelingen
postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Sundal / 53650168

Vår referanse:
16/109053-4

Dykkar referanse:
201304021-26

Vår dato:
19.08.2016

Uttale – høyring av søknad med konsekvensutgreiing – opprusting og utviding av kraftverka – Litledalen i Etne kommune – Sunnhordland Kraftlag (SKL)

Viser til epost frå Dykk dagsett 07.07.2016 med vedlagt høyringsdokument.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I samband med denne høyringa vil Statens vegvesen spesielt peika på nokre punkt som er vesentlege i høve vårt ansvars- og interesseområde som er fylkesveg fv. 36.

Tilknytning og avstand til fv. 36.

Statens vegvesen vil minna om at det ikkje er nokon automatikk i at det vert gjeve løyve til, utvida bruk av eksisterande avkjørsle/ny avkjørsle, dispensasjon frå byggjegrænse eller graveløyve. For graveløyve må det søkjast særskild både for luftspenn og kablar i jord. Utanfor område med godkjent reguleringsplan må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrænse (som er 30 m frå midtline veg).

Ny bru

Fv. 36 går over brua nord for Litledalen kraftverk, SKL vurderer utbetring eller bygging av ny bru. Bruseksjonen i Statens vegvesen opplyser at byggeår for brua er ukjent, men det er antatt at den er konstruert for lastklasse 2/1930. Brua er klassifisert til å tåle Bk10/50 spesialtransport gruppe B. VDR held i disse dagar på med å gjennomrekne alle bruer på fylkesvegane, slik at det kan bli endring av klassifisering.

Det er lite truleg at eksisterande bru kan nyttast for transport av transformator, slik at SKL har rett i sin vurdering av at det evt må byggjast ny bru.

Utbyggjar må avklare status til ny bru, om den skal erstatte eksisterende bru som eventuelt skal rivast, eller at den skal vera sperra og til privat bruk for SKL. Vidare saksbehandling frå vegvesenet når det gjeld godkjenning, krav til dimensjonering for flaum m.m vil avhenge av om brua eventuelt skal overtakast av vegeigar (Hordaland fylkeskommune) for vedlikehald. Kommunen må ta stilling til om det skal krevjast reguleringplan for tiltaket.

Statens vegvesen har ingen ytterlegare merknader til høyringa.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Eva Sundal

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Etne kommune, Postboks 54, 5591 ETNE
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN